



SAKSHANDSAMAR
Erik Småland

VÅR REF.
11/01585-8

ARK. Forvaltningsarkivet
822.1

DYKKAR REF.
2014/430-133

INNVALSTELEFON

+47 98202739

DYKKAR DATO

VÅR DATO
25.02.2015

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Hordaland fylkeskommune

05 MAR 2015

SAVOS-ORDNINGA - HORDALAND FYLKESKOMMUNE - MELDING OM UTBETALING AV TILSKOT FRÅ STATSBUDEJETTET 2014 KAPITTEL 1429 POST 74

Riksantikvaren syner til oppmoding datert 19.01.2015 om utbetaling av tilskot frå statsbudsjettet 2014, kapittel 1429 post 74 fartyvern, til fordeling i Hordaland fylkeskommune over SAVOS-ordninga.

Riksantikvaren utbetaler med dette

kr. 840.000,-

til Dykkar bankkontonummer 5201.06.74239.

For 2016 ber Riksantikvaren om at SAVOS-fylka handsamar ordninga på følgjande vis: Søknadsfrist til fylka vert sett til 1. desember 2015. Søknad til Riksantikvaren med totalsum og prioritering av tilskota skal sendast innan 15. januar 2016.

Følgjande endring vart verksett frå og med budsjettåret 2014:

SAVOS-midlene kan berre fordelast til farty som har status som verna skip eller er freda. Dette er naudsynt for å harmonisere regionale tilskot mot vedtekne retningslinjer for bevaringsprogrammet for farty.

Høve til å klage

Vedtaket kan klagast inn for Klima- og miljødepartementet, jf. forvaltningslova § 28. Ein eventuell klage skal stilast til klageinstansen, men sendast til Riksantikvaren innan tre - 3 - veker frå dette brevet er mottatt, jf. forvaltningslova § 29.

Løyvingsreglementet

Vi syner til løyvingsreglementet § 10 og gjer merksam på at Riksantikvaren har høve til å føra kontroll med at tilskotet vert nytta som føreset. Riksrevisjonen har same høve til å føra kontroll med heimel i lov om riksrevisjonen av 7. mai 2004 § 12.

Beste helsing

for *Hanna Suran*
Mari Søbstad Amundsen (e.f.)
konst. seksjonssjef

Erik Småland

Erik Småland
seniorrådgjevar

Vedlegg: Informasjonsskriv